




Årsmelding NGIR

2018





Innhold

Forord	3
Organisasjonen	4
Styret	4
NGIR er til for deg	5
Eit naturleg val	5
NGIR og miljøet	6
NGIR som arbeidsgjevar	8
Personale og arbeidsmiljø	8
Ytre miljø	9
Avfallsmengder og gjenvinningsgrad	10
Avfallsmengder hushald og hytter	11
Rekneskap	12
Resultat	13
Fordeling av inntekter og kostnader	14
Resultatrekneskap	15
Balanse	16
Notar til rekneskapen	17 - 21
Kontantstraumanalyse	22
Revisjonsmelding	23-25
Representantskap	26

Forord

Då er 2018 historie. Heller ikkje dette året vart kjedeleg!

For å ta den viktigaste hendinga fyrst: I desember 2018 bestemte styret at NGIR skulle køyra boss-innsamling frå hushaldningane sjølv. Anbudsmodellen vart dermed ikkje vald som driftsform. Dei viktigaste argumenta var betre kontroll over eigen kjerneverksemd, den fleksibiliteten det gjev at også sjåførane på renovasjonsbilane er tilsette i verksemda, og ikkje minst god innsats av sjåførane og køyreleiar. 2018 vart i praksis eit prøveår kor NGIR fekk prøva drift i eigenregi. Fasiten viser eit lågt sjukefråvær, få avvik og meir effektiv drift. Dei mellombels tilsette fekk fast tilsetjing og me ynskjer dei velkomen i selskapet vårt. Eg vonar og trur at me vil fortsetja dette gode arbeidet til beste for innbyggjarane våre.

Som følge av tilsetjingar av sjåførar fekk NGIR pålegg frå Norsk Sikkerhetsorganisasjon om å oppretta eit industrivern. Me passerte 40 tilsette, noko som utløyser dette kravet. Uansett pålegg; dette er ein god ting for NGIR. Dei 3 siste åra har det vore meir enn 130 brannar i avfallsanlegg i Noreg, nokre av dei svært alvorlege. Særleg i Kjevikdalen har me mange aktivitetar som medfører risiko, og i 2019 vil me byggja opp eit industrivern, oppdatera risikoanalysar, gjennomføra kurs og øvingar, slik at me er betre rusta om uhell skulle oppstå.

I 2018 kom NGIR fram til avtale om kjøp av areal rundt Kjevika. Sidan 2012 har NGIR hatt eit krav frå Fylkesmannen å byggja eit reinseanlegg som kan samla og behandla sigevatnet frå deponiet. Reint fysisk snakkar me om eit sediment-basseng som er 57 x 12 meter i storleik. Etter planen vert det

byggjstart våren 2019, og me siktar på å setja anlegget i drift i slutten av 2019. Dette er ei stor investering for NGIR. Totalsummen for heile prosjektet utgjer nærare 16 mill kr, inkludert kjøp av areal. Dei neste åra vil me skaffa oss driftserfaring og meir kunnskap om både driftskostnader og nytteverdi av eit slikt anlegg.


Renovasjon og miljø er i skotet. I media vert det skrivne stadig meir om kjeldesortering, plast i havet og andre plassar, sirkulær økonomi, berekraft og fotavtrykk. Mediefokuset fortset og bra er det. Faktum er at me har starta på ei reise som ikkje tar slutt; me må sortera betre og smartare som innbyggjarar, og NGIR sin jobb er å syta for løysingar som gjer dette mogleg.

Men viktigast – kanskje bruka litt mindre og ikkje kjøpa så mykje? For ein avfallsmann i NGIR kan det vera eit sjokk å sjå kva som vert kasta på våre gjenvinningsstasjonar. Eit prov på at me har det for godt i Noreg?

Bjørn Berg
Dagleg leiar



Organisasjonen



Styret

Helge Fjellanger
(Styreleiar)

Ragnhild T. Langøy

Martin Soltveit

Ottar Skjelvik
(Nestleiar)

Kristin Handeland

Henrik Kjøpstad
(Tilsettrepresentant)



NGIR er til for deg


Avfallshandsaminga er i Noreg eit kommunalt ansvar. Dei sju Nordhordlandskommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy, samt Gulen og Solund i Sogn og Fjordane, har gått saman om å løysa denne oppgåva gjennom NGIR.

NGIR freistar å leggja til rette ordningar som er praktiske for kundane, som gjev rom for miljømessig god avfallshandsaming og som gjev god samfunnsøkonomi. I mange høve er dette mål som er moglege å kombinera.

Eit naturleg val

Hushald og hytter plikter å levera avfallet sitt til dei kommunale ordningane. Verksemdar kan velja om dei vil nytta kommunale tenestetilbod, eller tilbod frå andre aktørar i marknaden.

NGIR sine eigarkommunar har alltid meint at NGIR bør tilby avfallstenester ikkje berre til hushalda i regionen, men og til næringslivet. Selskapet er difor ein aktiv aktør i denne marknaden, og kan med glede registrera at langt dei fleste verksemdar i NGIR-kommunane vel nettopp NGIR til å ta hand om avfallet sitt.



NGIR og miljøet

NGIR driv miljøarbeid på mange plan.

Gjennom haldningsskapande arbeid freistar selskapet å spreia kunnskap om korleis forbruket vårt av ting påverkar til dømes klimaet gjennom energibruk og forureining knytt til produksjon av varer.

Ved å leggja til rette for avfallssortering og gjenvinning syt NGIR for at ressursane i avfallet vert best mogleg utnytta. Dette er eit viktig miljøtiltak, som reduserer energibruken og forureininga knytt til framstilling av nye produkt, og som reduserer forbruket av ikkje-fornybare ressursar. I tillegg vert forureininga frå avfallet redusert, ved at miljøskadelege stoff vert sorterte ut og teke hand om på forsvarleg vis.

Trass i at nesten alt avfall no går til gjenbruk, til materialgjenvinning, eller til forbrenning med energiutnytting, vil avfallet som allereie er deponert i Kjevikdalen gje utslepp i mange år framover. NGIR overvakar både sigevatn og resipient, og samlar opp og brenn metangass. NGIR har ansvar for etterdrift av deponiet i 30 år etter at deponeringa er avslutta.

NGIR og lokalsamfunnet

NGIR ønskjer ikkje berre å vera ein passiv mot-takar av avfall. NGIR vil vera ein aktiv aktør i lokalsamfunnet – særleg i haldningsskapande arbeid knytt til avfallsreduksjon og gjenvinning.

NGIR inviterer skuleklassar til undervisning på avfallsanlegget i Kjevikdalen, og formidlar undervisningsmateriell om kjeldesortering og gjenvinning til skulane.

NGIR samarbeidar med ein del friviljuge lag og organisasjonar, og legg til rette for at dei arbeidar for miljømessig betre avfalls-løysingar i eigen organisasjon og/eller overfor sine medlemmar/målgrupper/publikum.

Interessa for strandrydding og andre rydde-aksjonar i nærmiljøet har vore aukande dei siste åra, og NGIR er glad for å kunne vera med å leggja til rette for dette engasjementet. I tillegg til å ta hand om avfallet, tilbyr NGIR m.a. sekkar og hanskar til ryddinga, og konteinrar og transportløysingar ved større avfallsmengder.



Strandrydding i Solund

Personale og arbeidsmiljø

NGIR hadde i 2018 eit sjukefråver på 3,7 %, mot 7,7 % i 2017, og 5,9 % siste tre år. Det er gledeleg at sjukefråveret no er redusert, og ligg på eit nivå som liknar det NGIR har opplevd gjennom mange år tidlegare. Det er likevel verd å merka seg at ei viktig årsak til reduksjonen i sjukefråveret i 2018, var at sjåførane på renovasjonsbilane vart overført til NGIR mot slutten av 2017, og sjukefråværet på denne avdelinga har vore svært lågt.

30 % av dei tilsette hjå NGIR ved utgangen av 2018 var kvinner. Dette talet var tidlegare 40 %. Alle dei mellombels tilsette sjåførane (etter RenoNorden-konkursen) er menn. NGIR trur at ei blanding av begge kjønn, og variasjon i alder, er viktige faktorar for eit godt arbeidsmiljø. Ved nyttilsetjingar i selskapet vert difor også desse faktorane teke med i vurderinga.

I NGIR sitt styre var 2 av 5 eigarvalde medlemmer kvinner, medan 6 av 19 medlemmer i representantskapet var kvinner i 2018.

NGIR som arbeidsgjevar

For å kunna gjera ein god jobb for kundane våre, er NGIR avhengig av dyktige og engsjerte medarbeidarar. NGIR har mange tilsette som har vore trufaste i selskapet gjennom mange år. Noko fornying kan gje nye hovud som tenkjer nytt, men for stor utskifting fører til mykje opplæring og mangel på kontinuitet. For NGIR er det viktig å freista å vera ein attraktiv arbeidsgjevar.

I tillegg til å tilby konkurransedyktig løn og pensjonsordningar, legg NGIR vekt på å ha fleksible arbeidstidsordningar, moglegheit for utfordrande arbeidsoppgåver og utvikling i arbeidet, og å arbeida for eit godt arbeidsmiljø – både fysisk og sosialt. NGIR har vore IA-verksemnd sidan 2003.



Ytre miljø

Det er ikkje noko i NGIR si drift i 2018 som verken aukar, eller reduserer belastninga på ytre miljø i nemneverdig grad, samanlikna med tidlegare år. NGIR utfører no inntransport av avfall i eigenregi med same materiell som tidlegare, men freistar heile tida å leggja opp til mest mogeleg effektiv og rasjonell transport. Dette er lettare å få til i eigenregi, og gjev gevinst for utslepp til ytre miljø. Alle tunge køyretøy og nyare anleggsmaskiner hjå NGIR er utstyrt med AD-blue, som gjev lågare utslepp frå motor.

Avfall til deponi består no av reine, og lettare ureina massar. I forhold til tidlegare hushaldsavfall gjev dette mindre ureina sigevatn frå deponiet og dermed mindre belastning på Lurefjorden som resipient. Trenden i utsleppsdata frå sigevatnet er at det generelt er stabile/fallande konsentrasjonar. NGIR føl og med på grunnvatnet rundt deponiet, og det er ikkje påvist lekkasjar av sigevatn til grunnvatn.

Grunnerverv for areal til reinseanlegg for sigevatn vart fullført i meldingsåret, og anlegget vert bygd ferdig i 2019. Det er liten variasjon i mengda deponigass som vert brent i gassanlegget, og mengda er om lag den same som den har vore dei siste åra.

Det er ein del støy og støv i samband med NGIR si drift, men dette er lite til plage for omgivnaden. Det vert gjort tiltak for å redusera belastninga for dei tilsette.

Flygeavfall frå deponiet og anna drift i Kjevikdalen er sterkt redusert etter at så godt som all omlasting av avfall skjer innomhus.

Det er ikkje registrert uynskte hendingar i form av utslepp som kan virka på ytre miljø i 2018.

Avfallsmengder og gjenvinningsgrad

I 2018 leverte kvar innbyggjar i gjennomsnitt 526 kg avfall til NGIR, mot 535 kg i 2017 og 504 kg i 2016. Den samla avfallsmengda som NGIR tok imot frå hushald og hytter gjekk ned med 1,4 % frå 2017 til 2018. Mengda restavfall gjekk ned meir enn mengda kjeldesortert avfall, og sorteringsgraden gjekk difor opp frå 57 % i 2017 til 58 % i 2018.


Mengda restavfall totalt frå hushald og hytter gjekk ned med 3,6 % i 2018. Mengda restavfall levert i dunkane heime hjå folk, restavfall levert på gjenvinningsstasjonane og til vår-/haustryddingane, gjekk ned med ca 4 %. Avfall levert i hyttekonteinrar gjekk ned med 0,7 % samanlikna med mengdene i 2017.

Mengda kjeldesortert avfall totalt gjekk ned med 0,8 % i 2018. Mengda klede levert NGIR til gjenvinning auka med 40 % frå 2017 til 2018. Dette skuldast truleg at tilbodet om å levera klede/sko/tekstilar i eigen sekk i papirdunken starta opp i

andre halvår 2016. Mengda EE-avfall som vart levert til NGIR auka og med nær 40 % i 2018, og det same gjorde mengda farleg avfall. Det er ikkje like enkelt å sjå kva som er årsaka til desse aukane. Mengda glas- og metallemballasje auka med omlag 15 %, medan mengda papir gjekk ned med omlag 8 %. For dei andre fraksjonane var det berre mindre endringar.

Grafen under syner utviklinga i levert mengde avfall per person for perioden 2011-2018, fordelt på restavfall og kjeldesortert avfall. Oppstillinga under og på neste side syner kor mykje kvar innbyggjar i snitt leverte av dei ulike avfallsfraksjonane i 2018.

Restavfall:	221 kg/innb.
Trevyrke:	84 kg/innb.
Matavfall:	52 kg/innb.
Skrapmetall:	31 kg/innb.




Papir:	24 kg/innb.
Hageavfall:	22 kg/innb.
EE-avfall:	17 kg/innb.
Avfall sortert til deponi:	16 kg/innb.
Papp:	13 kg/innb.
Trykkimpregnert trevirke:	13 kg/innb.
Glas-/metallemballasje:	11 kg/innb.
Plastemballasje:	9 kg/innb.
Farleg avfall:	7 kg/innb.
Drikkekartong:	4 kg/innb.
Klede:	3 kg/innb.

Kjevikdalen. Resten gikk enten til gjenbruk, til materialgjenvinning, eller til forbrenning med energiutnytting.

I 2018 heimekomposterte 26 % av hushalda i NGIR-regionen matavfallet sitt, medan 74 % hadde biodunk. Fem år tidligare var det 31 % som hadde kompostbinge, medan heile 39 % av hushalda var registrert med heimekompostering i 2008. Trass i nedgangen, er NGIR-innbyggjarane framleis blant dei i landet som er ivrigast til å heimekompostera.

Frå april 2010 slutta NGIR å deponera nedbrytbart restavfall. I 2018 vart difor berre omlag 3 % av avfallsmengda frå hushald og hytter lagt på deponiet i

Avfallsmengder hushald og hytter



Rekneskap 2018

Rekneskapen for 2018 er gjort opp med eit overskot før skatt på kr 19 875 419. Resultat etter skatt er kr 18 037 797.

Driftsinntektene var 128,8 millionar kroner, noko som er ein auke på 26,6 % frå 2017.

Driftskostnadene utgjorde 109,2 millionar kroner, ein auke på 10,7 % frå 2017.

Rekneskapen er lagt fram under føresetnad om framleis drift.

Driftsinntekter

Driftsinntektene var 128,8 millionar kroner, noko som er 20,2 millionar (18,6 %) meir enn budsjettert.

Inntektene frå hushald var kr 10 040 000 (15,3 %) høgare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak vinst ved sal av gjenvinningsstasjonstomta NGIR hadde i Knarvik. I tillegg fekk NGIR litt fleire kundar og høgare pris på skrapjern og papir enn budsjettert.

Inntektene frå næring var kr 9 359 000 (28,0 %) høgare enn budsjettert. I hovudsak skuldast dette større mengder til deponi enn budsjettert. I tillegg fekk NGIR refundert alle kostnader til strandrydding og starta opp med mottak av båtvrak med tilskot frå Miljødirektoratet.

Inntektene frå slam var kr 25 000 (0,3 %) lågare enn budsjettert.

Inntektene frå bilvrak hadde eit positivt avvik på kr 841 000 (45,7 %). Avviket skuldast høgare pris på skrapjern enn budsjettert og driftstilskot for mottak av motorsyklar, campingvogner m.m.

Driftskostnader

Driftskostnadene utgjorde 109,2 millionar kroner. Dette er 526 000 (0,8 %) lågare enn budsjettert.

Driftskostnadene for hushald var kr 1 825 000 (2,8 %) lågare enn rekna med. Dette skuldast i hovudsak utsette investeringar og lågare personalkostnader enn budsjettert.

Driftskostnadene for næring var kr 713 000 (2,1 %) høgare enn budsjettert. Hovudårsaka var stor auke i sal av stein og dermed tilhøyrande kostnader til steinknusing.

Kostnadene for slam var kr 88 000 (1,1 %) lågare enn budsjettert.

Kostnadene for bilvrak var kr 675 000 (38,1 %) høgare enn budsjettert hovudsakleg grunna auka aktivitet i samband med innføring av vrakpant på campingvogner, motorsyklar m.m.

Finanspostar

Netto finanskostnader har eit positivt avvik på kr 117 000 på grunn av utsette investeringar.

Resultat 2018

Resultata (etter skatt) frå dei ulike områda er vist nedanfor:

Resultat 2018	Resultat	Budsjett	Avvik
Hushald:	12 719 376	785 000	11 934 376
Verksemd:	5 714 807	-1 188 000	6 902 807
Slam:	-581 345	-645 000	63 656
Bilvrak:	184 959	66 000	118 959
Sum	18 037 797	-982 001	19 019 798

Resultata frå hushald og slam vert korrigert for alternativkostnad. Alternativkostnad vert utrekna ved å multiplisera historisk kostnad / netto anleggskostnad samt tomtekostnad (fråtrekt tidlegare års avskrivningar) med kalkylerenta. Kalkylerenta vert sett lik 5 års swaprente, med eit tillegg på 0,5 prosent. For 2018 utgjer den 2,37 %. Sjå note 12 for utrekning av alternativkostnad.


NGIR har i 2018 investert i varige driftsmidlar for 15,8 millionar kroner. Investeringane er spesifisert i note 3 til rekneskapen.

Langsiktig gjeld per 31.12.18 er kr 39 237 000, ein reduksjon på kr 3 178 000 frå 2017. Eigenkapitalprosenten er 63,5 %, ein auke frå 57 % i 2017. Forplikingane til etterdrift ført som langsiktig gjeld auka med kr 581 000, medan pensjonsforplikingane auka med kr 215 000. NGIR hadde per 31.12.18 ei langsiktig lånegjeld på kr 21 862 500.


Rekneskapen gir eit rettvise bilette av egedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat. Det er ikkje bokført forsknings- eller utviklingsaktivitetar i 2018.

Det er i rekneskapen ikkje sett av midlar til etterdrift frå hushalda. Eit beløp tilsvarende kalkulatorisk rentekostnad (kr 1 022 646) vert føreslege overført frå eigenkapital til etterdriftsfond, då dette er pengar som hushaldskundar betalar, og som på grunn av regelverket rundt bruk av kalkulatorisk rente vert lagt til eigenkapitalen.

Inntekter



Kostnader



Resultatrekneskap

	Note nr.	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rekneskap 2017
DRIFTSINNTEKTER				
Abonnement/gebyr		70 059 638	68 985 000	59 046 625
Salsinntekt varer inn		29 648 641	24 872 000	23 048 401
Salsinntekter varer ut		15 425 653	11 964 000	13 323 075
Leigeinntekter		2 897 093	2 446 000	2 790 508
Andre driftsinntekter		10 742 708	292 000	3 506 306
SUM DRIFTSINNTEKTER		128 773 733	108 559 000	101 714 916
DRIFTSKOSTNADER				
Vareforbruk		1 994 277	1 986 000	1 599 400
Handsaming av avfall		12 809 880	13 962 000	14 014 903
Steinuttak		3 950 105	2 458 000	2 125 236
Transport inn		11 652 236	9 531 000	16 826 687
Personalkostnader	2, 8	39 328 938	41 671 000	31 534 910
Avskrivningar	1, 3	10 802 882	12 356 000	10 244 549
Transport ut		6 907 611	6 210 000	6 545 654
Energi til produksjon		1 321 689	1 266 000	1 259 645
Verkty, inventar og materiell		2 403 723	1 954 000	1 745 125
Reparasjon og vedlikehald		4 283 838	4 461 000	4 495 895
Kostnad transportmidler		7 746 870	7 290 000	3 510 664
Andre driftskostnader	10	6 024 872	6 608 000	4 752 315
SUM DRIFTSKOSTNADER		109 226 920	109 753 000	98 654 984
DRIFTSRESULTAT		19 546 812	-1 194 000	3 059 931
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER				
Finansinntekter		694 685	544 000	789 840
Finanskostnader		366 078	332 000	418 295
NETTO FINANSPOSTAR		328 607	212 000	371 545
RESULTAT FØR SKATT		19 875 419	-982 000	3 431 477
Skattekostnad	11	1 837 622	0	352 928
RESULTAT ETTER SKATT		18 037 797	-982 000	3 078 549
		Disponering:	Sum etter disp.	
Avsetjing til utjamningsfond hushald	12	11 702 905	13 094 792	
Bruk av utjamningsfond slam	12	-507 372	3 423 730	
Avsetjing til etterdriftsfond	10	1 022 646	16 935 972	
Avsetjing til miljøfond		5 000 000	14 500 000	
Avsetjing til egenkapital		819 618	47 493 729	
Sum disponering	10	18 037 797		

Balanse per 31.12.

EIGNELUTAR	Note nr.	2018	2017
VARIGE DRIFTSMIDLAR			
Utsatt skattefordel	11	1 276 509	1 200 816
Bygg, anlegg, tomtar	3	51 317 826	45 303 672
Maskiner	3	9 020 183	10 485 715
Utstyr	3	8 214 366	8 492 779
Aksjar	6	901 199	803 661
SUM ANLEGGSMIDLAR		70 730 083	66 286 643
OMLAUPSMIDLAR			
Varelager og forskot til leverandører	9	2 741 200	3 157 200
Kortsiktige fordringar	7, 13	23 786 933	14 990 347
Kontant, bank	4	53 526 842	51 515 993
SUM OMLAUPSMIDLAR		80 054 975	69 663 540
SUM EIGNELUTAR		150 785 058	135 950 183
GJELD OG EIGENKAPITAL			
EIGENKAPITAL			
Interessemidlar	4	100 000	100 000
Opparbeidd eigenkapital	4	52 493 729	46 674 111
Miljøfond	4	9 500 000	9 500 000
Utjanningsfond hushald	4	13 094 792	1 391 887
Utjanningsfond slam	4	3 673 770	3 931 102
Etterdriftsfond resultatdisponering		16 935 972	15 913 326
SUM EIGENKAPITAL		95 798 263	77 510 427
LANGSIKTIG GJELD			
Pensjonsforpliktingar	8	5 401 491	5 186 114
Etterdriftsfond rekneskapsavsetning	10	11 973 462	11 392 087
Lån i Norges Komunalbank	5	21 862 500	25 837 500
SUM LANGSIKTIG GJELD		39 237 453	42 415 701
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		8 442 841	12 155 831
Arb.gj.avg., mva	4	2 157 814	852 000
Skattekostnad	11	1 914 611	274 874
Anna kortsiktig gjeld		3 234 077	2 741 350
SUM KORTSIKTIG GJELD		15 749 342	16 024 056
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		150 785 058	135 950 183


Kristin Handeland


Ragnhild T. Langøy


Martin Soltveit


Ottar Skjelvik


Helge Fjellanger


Bjørn Berg


Henrik Kjøpstad

Notar til rekneskapen

Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova. Den er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar og tilrådingar til god rekneskapskikk. For skildring av nytta rekneskapsprinsipp vert det vist til dei einskilde noter.

Note 2 - Tilsette, godtgjeringar m.m.

Det er registrert følgjande lønskostnader for selskapet dei siste to åra:

	2018	2017
Løn	30 927 876	24 457 116
Arbeidsgjevaravgift	4 594 479	3 641 030
Pensjonkostnader	3 182 674	2 236 910
Andre ytingar	623 909	1 199 854
Sum personalkostnader	39 328 938	31 534 910
Gjennomsnittleg tal faste årsverk	51	43

Det er i 2018 kostnadsført løn kr 1 034 326 og pensjonsforpliktingar kr 115 240, til saman kr 1 149 566, til dagleg leiar. Det er utbetalt kr 225 250 i honorar til styret og representantskapet. Det føreligg elles ingen ytingar til andre leiande personar eller eigarar. Det er for 2018 kostnadsført kr 46 000 i revisjonshonorar.

Note 3 - Driftsmidlar

	Maskiner/bilar	Utstyr	Bygg/anlegg/tomtar
Ansk.kost. 01.01.	42 702 453	53 107 814	87 972 946
Tilgong i året	2 081 045	2 821 076	10 893 011
Avgong i året	80 000	72 350	569 691
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	35 683 315	47 642 174	46 978 440
Bokført verdi per 31.12.	9 020 183	8 214 366	51 317 826
Årets avskrivning	3 466 576	3 027 139	4 309 166
Årets avskrivning i %	10-20 %	10-20 %	5-10 %
Økonomisk levetid	5-10 år	5-10 år	10-20 år
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær

Kjøp og sal av driftsmidler frå 2014 og fram til dags dato:

	2014	2015	2016	2017	2018
Tilgong	26 381 692	1 508 324	7 022 304	10 383 063	15 795 132
Avgong	535 670	124 500	11 250	0	722 041

Note 4 - Bundne midlar

Per 31.12.2018 hadde selskapet bundne midlar (eigenkaptialfond) på kr 43 204 533.
Bundne skattetrekksmidler innestående i bank per 31.12.2018 utgjorde kr 1 388 243.

Note 5 - Langsiktig gjeld

Selskapet hadde per 31.12.2018 ei lånegjeld på kr 21 862 500. Restgjelda om 5 år er kr 1 987 500 ved å følgja gjeldande nedbetalingsplan.

Note 6 - Aksjar

Langsiktige investeringar blir verdsett til kostpris. Dersom verkeleg verdi er lågare og dette ikkje er forbigåande, blir investeringa nedskrive. NGIR har følgjande eigardelar i selskap:

Namn	Tal aksjar	Pålydande	Kostpris	Bokført verdi
Rekom	30	15 000	15 000	15 000
Retura	60	60 000	102 000	102 000
Nordhordland Bioenergi	1	5 000	5 000	5 000
Eigenkapitalinnskot KLP				779 199
SUM				901 199

Note 7 - Kundefordringar og andre fordringar

Kundefordringar er vurdert til pålydande, redusert med avsetning for tap på krav med kr 120 000.
Ingen kundefordringar forfell seinare enn eitt år.

Note 8 - Pensjonskostnader

NGIR har pensjonsordningar som omfattar alle tilsette. Pensjonsordninga er organisert gjennom ei kollektiv pensjonsforsikring. Ordninga gjev rett til ei definert framtidig yting. Denne er i hovudsak avhengig av oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytinga frå folketrygda. Forpliktingane er dekkja gjennom Kommunal Landspensjonskasse.

Netto pensjonskostnad	2018	2017
Noverdi av pensjonsopptjening i år	3 558 077	3 208 212
Rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting	1 081 262	1 042 530
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	-1 332 991	-1 031 682
Resultatført verknad av estimatavvik	182 829	195 224
Aga netto pensjonskostnad	492 537	475 087
Administrasjonskostnader	186 822	150 350
Resultatført planendring	0	0
Netto pensjonskostnad (inkl.adm.)	4 168 536	4 039 721

Balanse	2018	2017
Brutto påløpt forplikting	46 558 251	41 905 540
Pensjonsmidlar	-34 126 693	-31 284 070
Netto pensjonsforplikting	12 431 558	10 621 470
Arbeidsgjevaravgift	1 752 850	1 497 627
Netto forpliktingar inkl. aga	14 184 408	12 119 097
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik	-8 782 918	-6 932 984
Netto pensjonsforplikting	5 401 490	5 186 113

Berekningsføresetnader	31.12.2018	31.12.2017
Forventa avskastning på pensjonsmidlar	4,30 %	4,10 %
Diskonteringsrente	2,60 %	2,40 %
Forventa årleg lønnsvekst	2,75 %	2,50 %
Forventa årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	2,50 %	2,25 %

Avstemming	2018	2017
Balanseført netto forpliktelse 01.01.	5 186 113	4 155 170
Netto pensjonskostnad	3 981 714	3 889 371
Administrasjonskostnad	186 822	150 350
Arbeidsgjevaravgift	-488 515	-371 812
Forfalt premie	-3 464 644	-2 636 966
Balanseført netto forpliktelse 31.12.	5 401 490	5 186 113

Note 9 - Varelager

Varelager er vurdert til lågaste beløp av kostnad og verkeleg verdi.

Note 10 - Etterdriftsfond

Det er sett av kr 25 per tonn avfall som er lagt i deponiet til "Etterdriftsfond rekneskapsavsetning". Eit beløp tilsvarande kalkulatorisk rentekostnad (kr 1 022 646) vert overført frå opparbeidd eigenkapital til etterdriftsfond. Samla avsetning til etterdrift skal dekkja framtidige etterdriftsforpliktingar.

Note 11 - Skattekostnad

NGIR er skattepliktig for resultatet frå den delen av verksemda som kjem frå omsetnad av næringsavfall og bilvrak.

Årets skattekostnad består av:

	2018	2017
Betalbar skatt	1 913 316	274 874
Endring utsett skatt	-127 902	78 054
Endring skattesats	52 209	0
Netto skattekostnad	1 779 599	352 928

Årets betalbare skatt kjem fram som følger:

Resultat før skatt næring	7 497 182	577 311
Resultat før skatt bilvrak	240 206	675 684
Midlertidige skilnader	581 375	446 425
Midlertidige skilnader, underskot til framføring	0	-554 110
Permanente skilnader	0	0
Grunnlag betalbar skatt	8 318 763	1 145 310

Midlertidige skilnader

	31.12.2017	31.12.2018	Endring
Rekneskapsmessig avsetjing	-5 220 940	-5 802 315	581 375
Underskot til framføring	0	0	0
Sum midlertidige skilnader	-5 220 940	-5 802 315	581 375
Utsett skattefordel (2017: 24%, 2018: 23%)	-1 200 816	-1 276 509	75 693

Utsett skattefordel pr. 31.12.2018 utgjer kr 1 276 509. Alle midlertidige skilnader kan utliknast og dette er gjennomført ved beregning av utsett skatt. Selskapet har balanseført netto utsatt skattefordel frå og med 2016.

Note 12 - Sjølvkost og utjamningsfond

“Resultatet frå hushald og slam vert korrigert for alternativkostnad. Alternativkostnad vert utrekna ved å multiplisera historisk kostnad/netto anleggskostnad samt tomtekostnad (fråtrekt tidlegare års avskrivningar) med kalkylerenta. Kalkylerenta vert sett lik 5 års swaprente, med eit tillegg på 0,5 prosent. For 2018 utgjer den 2,37 %.

	Hushald	Slam
Resultat	12 719 376	-581 345
+ Bokført rentekostnad	239 924	913
- Bokført renteinntekt	405 833	10 647
- Kalkulatorisk rentekostnad *	1 020 218	2 428
= Sjølvkostresultat	11 533 248	-593 506
Utjmningsfond 01.01.	1 391 887	3 931 102
+ Sjølvkostresultat	11 533 248	-593 506
+ Rente utjmningsfond 2018	169 657	86 134
= Utjmningsfond 31.12.	13 094 792	3 423 730

* Kalkulatorisk rentekostnad hushald: Gjennomsnittsverdi anleggsmiddel kr 42 868 696 x 2,37 % = kr 1 015 988

* Kalkulatorisk rentekostnad slam: Gjennomsnittsverdi anleggsmiddel kr 95 577 x 2,37 % = kr 2 265

Note 13 - RenoNorden

NGIR inngjekk frå 2017 kontrakt med RenoNorden AS om innsamling av hushalds- og næringsavfall med komprimatorbilar. RenoNorden gjekk konkurs i september 2017 og NGIR overtok mellombels mannskap og leasa renovasjonbilar. I desember 2018 bestemte styret at NGIR skulle overta innsamlinga i eigen regi. NGIR har sendt krav i konkursbuet til RenoNorden AS og det er ikkje usannsynleg at det kan verta noko dividende til uprioriterte krav, men sidan dette er usikkert er ikkje noko av kravet inntektsført.

Kontantstramanalyse 01.01. - 31.12.

LIKVIDER TILFØRT OG BRUKT PÅ VERKSEMDA	2018	2017
Tilført frå årets verksemd*)	28 840 679	13 323 098
Endring i debitorar	-8 796 586	-2 906 808
Endring i leverandørgjeld**)	-3 712 990	3 084 479
Endring i kortsiktig gjeld	3 490 485	1 094 835
Endring i ferdigvarer	416 000	-288 200
A=NETTO LIKVIDITETSENRING FRÅ DRIFT	20 237 588	14 307 404
LIKVIDER TILFØRT OG BRUKT PÅ INVESTERINGAR		
Investeringar i varige driftsmidlar	-15 795 132	-10 200 860
Sal av varige driftsmidlar	722 041	0
Endring i aksjar og eigenkapitalinnskot	-97 538	-87 672
B=NETTO LIKVIDITETSENRING FRÅ INVESTERINGAR	-15 170 629	-10 288 532
LIKVIDER TILFØRT OG BRUKT PÅ FINANSIERING		
Endring i interessekapital	0	0
Opptak av nye lån	0	0
Overføring av utjamningsfond slam frå Gulen kommune	250 040	0
Pensjonsforplikting 01.01.	-5 186 114	-4 155 171
Pensjonsforplikting 31.12.	5 401 491	5 186 114
Avsetning til etterdriftsfond	581 375	446 425
Endring utsatt skattefordel	-127 902	78 054
Nedbetaling av gamal gjeld	-3 975 000	-3 975 000
C=NETTO LIKVIDITETSENRING FRÅ FINANSIERING	-3 056 110	-2 419 578
A+B+C = NETTO ENDRING I LIKVIDER GJENNOM ÅRET	2 010 849	1 599 294
+ Likviditetsbeholdning 01.01.	51 515 993	49 916 699
= Likviditetsbeholdning 31.12.	53 526 842	51 515 993
*) Tilført frå årets verksemd:		
Resultat før årsoppgjersdisposisjonar	18 037 797	3 078 549
+ Avskrivningar	10 802 882	10 244 549
Sum tilført frå årets verksemd	28 840 679	13 323 098

***) Auke i leverandørgjeld - auke i forskot til leverandørar



Til representantskapet i NGIR IKS

Uavhengig melding frå revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert NGIR IKS sitt årsrekneskap som viser eit overskot på kr 18 037 797. Årsregnskapet er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap og pliktige budsjettopplysingar for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen, notar til årsrekneskapen og kontantstramanalyse, samt eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den vedlagte årsrekneskapen gjeve i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2018 og av resultat for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen i samsvar med reglane i rekneskapslova, tillegggsbestemmelsar i lov om interkommunale selskap og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, inkludert dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter i samsvar med disse standardane står skreve i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er pålagt i lov og forskrift, og har utøvd våre andre etiske forpliktingar i samsvar med disse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Anna informasjon

Leiinga er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon gjeld årsmelding, men gjeld ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje anna informasjon, og vi attesterer ikkje anna informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lesa anna informasjon med det føremål å vurdere om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom anna informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den anna informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportera i samband med det.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeida årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, samt at det gjev eit rettvisande bilete i samsvar med reglane i rekneskapslova, tillegggsbestemmelsar i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som dei finn er naudsynt for å kunna utarbeida ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som fylgje av misleghald eller feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til framleis drift og opplysa om tilhøve som har innverknad for framleis drift. Føresetnaden om framleis drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil verta avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gje ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Rimeleg grad av tryggleik er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, samt ISA-ane, alltid vil avdekka vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimelig grad kan forventast å påverka økonomiske avgjerder som brukarane føretekt basert på årsrekneskapen.

Som del revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, samt ISA-ane, utviser vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- skal vi identifisera og vurdere risikoen for vesentleg feilinformasjon i rekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller utilsikta feil. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtera slik risiko, og innhentar revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan misleg framferd kan vera samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- skal vi opparbeida oss ei forståing av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforma revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- skal vi evaluera om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er hensiktsmessige og om dei rekneskapsestimata som er nytta og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege.
- skal vi konkludera på hensiktsmessigheten av leiinga si bruk av framleis drift-føresetnaden ved utarbeidinga av rekneskapen, basert på innhenta revisjonsbevis, og om det føreligg vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape vesentleg tvil om selskapet si emne til framleis drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, vert det kravd at vi i revisjonsmeldinga gjev merksam på tilleggsopplysningane i rekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer vår konklusjon om årsrekneskapen og årsmeldinga. Våre konklusjonar er basert på dei revisjonsbevis som er innhenta inntil dato for revisjonsmeldinga. Etterfylgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føra til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- skal vi evaluera vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen utgjer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gjev eit rettvise bilette.

Vi har kontakt med leiinga blant anna om planlagt omfang av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om vesentlege tilhøve som vi har avdekke under revisjonen, samt om eventuelle vesentlege avvik i den interne kontrollen.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, meiner vi at disposisjonane som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlige er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga


Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapet, føresetnaden om framleis drift og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, og dei kontrollhandlingar vi har funne naudsynt i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Isdalstø, 13.05.2019

Nordhordland Revisjon IKS



Representantskap 2018



Austrheim:
Gro Kaland
Hardy Pedersen



Meland:
Mabel Ingeborg Johansen
Tormod Skurtveit



Fedje:
Ingmar Stuberg
Åge Storemark



Modalen:
Frank Stian Steinsland
Liv-Anne Aanesen



Gulen:
Lars Atle Larsen
Rune Håvåg



Radøy:
Torill Helland
Leif Taule



Lindås:
Nina Stabell Øvreås
Leif Hosøy Sleire
Leidulv Brunborg



Solund:
Linne Lending
Steinar Krakhellen



Masfjorden:
Egil Kvingedal
Ragnvald Tangedal

Leiar i representantskapet:
Liv-Anne Aanesen
Nestleiar:
Torill Helland



Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap,
Lindåsvegen 1260, 5956 Hundvin

ngir.no